

Møteprotokoll

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyre
Møtestad: Odda
Dato: 24.06.2020
Tidspunkt: 09:00

Følgjande faste medlemmar møte:		
Namn	Funksjon	Representerer
Sigrid Brattebø Handegard	Leiar	Vestland fylkeskommune
Hans Inge Myrvold	Nestleiar	Kvinnherad kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Etne kommune
Jarle Vangen	Medlem	Ullensvang kommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Jostein Klette	Nasjonalparkforvalter
Astrid Bakke Haavik	Nasjonalparkforvalter

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigrid Brattebø Handegard

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 16/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 17/20	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 18/20	Orienterings- og referatsaker		
RS 2/20	Informasjon om arbeid med innfallspørt Bondhusdalen - drift og vedlikehald av infrastruktur		2019/19647
ST 19/20	Vedtak - Besøksstrategi for Folgefonna nasjonalpark og tilgrensande verneområder		2020/446
ST 20/20	Fagleg rådgjevande utval - Folgefonna nasjonalparkstyre 2020		2020/364
ST 21/20	Løyve til bruka av drone til filming av informasjonsfilm - Folgefonna nasjonalpark		2020/9776
ST 22/20	Søknad om løyve til bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark	X	2020/9453
ST 23/20	Delegerte saker		
DS 17/20	Delegert vedtak - Løyve til motorisert ferdsel til målingar på Folgefonna - Folgefonna nasjonalpark		2020/9232
DS 18/20	Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport til Fonnabu og Breidablikk turisthytte - Folgefonna nasjonalpark		2020/8428
DS 19/20	Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport til Sauabreen turisthytte - Folgefonna nasjonalpark		2020/4905
DS 20/20	Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport av saltstein og bruk av helikopter til henting av sau i skorfeste - Fagradalsfjellet - Folgefonna nasjonalpark		2020/4820
DS 21/20	Delegert vedtak - Løyve til ferdsel med snøskuter for transport av saltstein, materiale m.m. - Etne kommune - Folgefonna nasjonalpark		2020/5467
DS 22/20	Delegert løyve - Løyve til endring av fasade - Stølshus Fynderdalen - Folgefonna nasjonalpark		2019/3072

ST 16/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.06.2020

Vedtak

Innkalling og dagsorden er godkjend.

ST 17/20 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.06.2020

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim og Hans Inge Myrvold vart valgt til å skrive under protokollen. I ettertid har forvaltar sett at styreleiar + medlem skal signera, jf. vedtektene punkt 7. I epost vart det difor avklart at det er styreleiar og Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim som skal signera.

Vedtak

Sigrid Brattebø Handegard og Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim var valgt til å signera protokollen.

ST 18/20 Orienterings- og referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.06.2020

Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland informerte om SNO sitt virke og oppgåver i forvaltninga av verneområder.

Vedtak

Tatt til vitande.

RS 2/20 Informasjon om arbeid med innfallsport Bondhusdalen - drift og vedlikehald av infrastruktur

ST 19/20 Vedtak - Besøksstrategi for Folgefonna nasjonalpark og tilgrensande verneområder

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.06.2020

Grunna lite tid måtte saka utsetjast til neste møte.

Vedtak

Handsaminga av saka vart utsett til neste møte.

ST 20/20 Fagleg rådgjevande utval - Folgefonna nasjonalparkstyre 2020

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.06.2020

Det vart sett fram forslag om å sende brev til kvar kommune og fylkeskommunen, og be dei om å oppnemne ein kontaktperson, slik at ein har eit administrativt kontaktutvalg og ein fast kontaktperson.

Styret ba forvaltarane lage ei liste over interesser og personer som burde vera med i eit rådgjevande utval, og at styret kunne handsame denne på neste møte.

Vedtak

Det skal sendast ut brev til kommunane Kvinnherad, Ullensvang og Etne i tillegg til fylkeskommunen, og be dei oppnemne ein administrativ kontaktperson til eit kontaktutvalg.

Sak om rådgjevande vert tatt opp på neste møte.

ST 21/20 Løyve til bruka av drone til filming av informasjonsfilm - Folgefonna nasjonalpark

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.06.2020

Vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Besøkssenteret Folgefonna nasjonalpark løyve til bruk av drone til å filme i samband informasjon om aktivitetar i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå d.d. til 15 .oktober 2020.
- Løyvet gjeld for inntil to times flytid på kvar av lokalitetane; Melderskin, Insta Møsevatnet og Buerbreen, og inntil 4 timers flytid på turistvegen Sundal til Odda. Vilkåret gjeld kun innanfor nasjonalparkgrensa.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane.

- Filminga skal skje utanom helg og heilag dagar.
- Ved publisering av filmmateriale/foto må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved flyging skal dronepiloten straks avbryte flyginga med drone.
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på tlf: 970 23 013
- Rapport over utført flyging skal sendast til fmvl@fylkesmannen.no med referanse 2020/9776.

ST 22/20 Søknad om løyve til bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.06.2020

Det vart i møtet peika på at bruk av drone i dette høve ville vera knytt til formidling av naturverdiar og at eit program av denne typen ville ha særleg markedsføringsverdi.

Vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Nordisk Film AS løyve til bruk av drone til å filme i samband med TV-programmet 71 Grader Nord i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 01.08.2020 til 02.08.2020.
- Løyvet gjeld for inntil 4 timers samla flytid pr dag for inntil 2 droner for området Sundal til Odda. Løyve og vilkår er gjeldande innanfor nasjonalparkgrensa.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane.
- Ved publisering av filmmateriale/foto må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Ved bruk av film-materiale må det kome klart fram kva som er nasjonalparken sine verneverdiar
- Løyvet gjeld kun for bruk av film-materiale i samband med Tv-programmet 71 Grader Nord. For bruk av film-materiale ut over dette må det sendast separat søknad til nasjonalparkstyret.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved flyging skal dronepiloten straks avbryte flyginga med drone.
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på tlf: 970 23 013
- Rapport over utført flyging skal sendast til fmvl@fylkesmannen.no med referanse 2020/9776.

Løyve gjeld kun i høve til verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark.

Grunngjeving:

Retningslinje for bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark viser til at det kan vurderast løyve til bruk av drone for underhaldningsprogram dersom:

«(...) kan i spesielle tilfelle ha særleg marknadføringsverdi eller fokus på naturverdiane. Må vere knytt til staden/turismålet».

71 Grader Nord er eit spesielt underhaldningsprogram som formidlar naturopplevingar og vil ha ein særleg marknadføringsverdi for dette konkrete området av nasjonalparken. Ein vurderar at

programkonseptet er spesielt og at det difor ikkje er fare for ein presedens. Det er samstundes viktig at det er eit fokus på verdiane knytt til natur og landskap i nasjonalparken, og det er difor stilt vilkår om at dette skal formidlast tydeleg når film-materialet vert brukt, og at dette kun skal nyttast til dette spesifikke programmet. Det er i tillegg vektlagt at film-temaet og deltakarane vil gjennomføre denne turen og at det difor ikkje vil vera i strid med verneføremålet å bruke drone til filming. Den planlagde helga for gjennomføring av filminga er ein av dei største utfartshelgene i dette området. Det er difor sett ei tydeleg avgrensing i flytid for bruk av droner, slik at verknaden knytt til støy er så liten som mogleg.

Samla sett er styret sin vurdering at det kan opnast for ein dispensasjon etter Naturmangfaldlova § 48 og at verneføremålet ikkje vert sett til side.

ST 23/20 Delegererte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 24.06.2020

Vedtak

Tatt til vitande.

DS 17/20 Delegert vedtak - Løyve til motorisert ferdsel til målingar på Folgefonna - Folgefonna nasjonalpark

DS 18/20 Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport til Fonnabu og Breidablikk turisthytte - Folgefonna nasjonalpark

DS 19/20 Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport til Sauabreen turisthytte - Folgefonna nasjonalpark

DS 20/20 Delegert vedtak - Løyve til helikoptertransport av saltstein og bruk av helikopter til henting av sau i skorfeste - Fagradalsfjellet - Folgefonna nasjonalpark

DS 21/20 Delegert vedtak - Løyve til ferdsel med snøskuter for transport av saltstein, materiale m.m. - Etne kommune - Folgefonna nasjonalpark

DS 22/20 Delegert løyve - Løyve til endring av fasade - Stølshus Fynderdalen - Folgefonna nasjonalpark